

## SJEKKLISTE FOR INNSENDING AV BYGGESØKNAD

Gnr.		Bnr.		Fnr.	
------	--	------	--	------	--

Adresse:	
Tiltak:	

<b>Plansjekk</b>	<b>JA</b>	<b>Ikkje aktuelt</b>
Er eigendomen regulert?		
Er tiltaket i samsvar med reguleringsplanen (evt. utbyggingsplan)?		
Er tiltaket i samsvar med arealdelen til kommuneplanen?		
<b>Nabovarsling</b>	<b>JA</b>	<b>Ikkje aktuelt</b>
Har det gått minimum 2 veker frå siste nabo er varsla til søknaden vert send inn til kommunen?		
Er alle naboar som saka rører ved og tverrbuarar varsla (varselet må ikkje være eldre enn 1 år)?		
Er vegeigar varsla?		
Er velforeining/sameige varsla?		
Er det motteke nabomerknader/protestar?		
Er merknader/protestar kommentert i eige brev?		
Er nabo varsla om eventuell dispensasjonssøknad?		
Er det innhenta nabosamtykke for bygging nærare nabogrensa, jf. plan- og bygningslova. § 29-4, 3. ledd, bokstav a?		
<b>Søknadsskjema</b>	<b>JA</b>	<b>Ikkje aktuelt</b>
Er alle relevante rubrikkar utfylt?		
Er det synt grad av utnytting og utrekninga av dette?		
Er søknaden underteikna av tiltakshavar/søkjar?		
Dersom vatn/avløp skal koplast til kommunal leidning: er det send inn/ligg det ved søknad/vedtak om sanitærabonnement?		
<b>Ansvarsrett/gjennomføringsplan (gjeld for tiltak med krav om ansvarsrett)</b>	<b>JA</b>	<b>Ikkje aktuelt</b>
Er gjennomføringsplan fylt ut med alle relevante ansvarsområde i tiltaket og med korrekt tiltaksklasse?		
Er datoar for samsvarserklæringar fylt ut?		
<b>Situasjonskart</b>	<b>JA</b>	<b>Ikkje aktuelt</b>
Er kartet gyldig (ikkje eldre enn 1 år), tydeleg, i målestokk og har koordinatar?		
Er tiltaket tydeleg teikna inn?		
Er minste avstand til nabogrense målsett?		
Er avstand til næraste bygning på anna tomt målsett?		
Er avstand til regulert vegkant og/eller vegmidte målsett?		
Vil tiltaket gje endra avkøyrse?		
Er ny avkøyrse teikna inn på situasjonskartet med sikt linjer?		
Er det vedlagt utomhusplan/situasjonsplan som viser uteopphaldsareal, leik og parkering?		

<b>Teikningar</b>	<b>JA</b>	<b>Ikkje aktuelt</b>
Alle fasadeteikningar? (også naboseksjonar bør vere teikna inn)		
Snitt-teikning(ar)?		
Alle planteikningar (alle etasjar)? Er planteikningane målsette?		
Påført areal og bruk av rom: t.d. stove, soverom, kjøken m.m.? ("disponibelt"=lagerrom)		
Innteikna målsett eksisterande og nytt terreng i høve til kvarandre og inn på naboeigedom? (påført fasade/snitt)		
Himmelretning påført alle teikningar/fasadar? (nord, aust, sør og vest?)		
Høgde overkant ferdig golv e.l.? (påført snitt)		
Gesimshøgde? (påført fasade/snitt)		
Mønehøgde? (påført fasade/snitt)		
I målestokk? (helst 1:100)		
Kjem det tydeleg fram kva som er eksisterande og kva som er nytt?		
Skal bygningar rivast: ligg det ved teikningar og situasjonsplan?		
Suppler gjerne teikningane med foto		
<b>Skriftleg utgreiing.</b>	<b>JA</b>	<b>Ikkje aktuelt</b>
Er det vedlagt eige brev som forklarar kva tiltaket gjeld?		
Estetisk utgreiing av arkitektonisk utforming?		
<b>Ved krav om dispensasjon</b>	<b>JA</b>	<b>Ikkje aktuelt</b>
Er det søkt om dispensasjon der dette er nødvendig?		
Er dispensasjonssøknaden grunngjeven?		
<b>Dersom eigedomen ligg innanfor aktsemdsområde for skred, flaum eller liknande</b>	<b>JA</b>	<b>Ikkje aktuelt</b>
Er det utarbeidd ei kartlegging/utgreiing av byggetomta (krav om fagkyndig utgreiing) som ligg ved søknaden og som stadfestar at det er tilstrekkeleg trygt å tillate bygging?		
Dersom kartlegginga har avdekka at tiltaket medfører krav om kompensierende tiltak, er det søkt om ansvarsrett for kartlegging og prosjektering av geoteknikk?		

<b>Diverse informasjon</b>
<p><b>Dispensasjon, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §§ 19-1 og 19-2.</b></p> <p>Ein del søknader er avhengig av dispensasjon frå reguleringsplan, utbyggingsplan, arealdelen i kommuneplanen eller frå reglar i plan- og bygningslova, t.d. om avstand til nabogrense (§29-4). Før byggesøknaden vert send til kommunen må du undersøkje om tiltaket ditt er avhengig av at det også vert søkt om dispensasjon. Generelt er det ikkje kurant å få dispensasjon og tiltaket bør endrast for å unngå dispensasjon.</p>
<p><b>Nabovarsling.</b></p> <p>Nabovarsel skal sendast til naboane og eventuelle tverrbuarar før du sender søknad til kommunen. Kvittering for nabovarsel skal fyllast ut av søkjar og sendast til kommunen saman med byggesøknaden.</p> <p>Nabovarsel kan leverast personleg, sendast i posten/rekommandert, elektronisk eller på e-post. For meir informasjon sjå nettsida til Direktoratet for byggkvalitet <a href="https://dibk.no/bygge-eller-endre/send-nabovarsel/">https://dibk.no/bygge-eller-endre/send-nabovarsel/</a></p> <p>Naboliste og situasjonskart kan du få på servicekontoret i rådhuset.</p> <p>Nabovarselet og Opplysningar gjeve i nabovarsel må fyllast ut med dei same opplysningane. Hugs å krysse av for dispensasjon, dersom dette er aktuelt, og skriv kva det vert søkt om dispensasjon frå.</p>

Du må vente med å sende søknaden til kommunen til det har gått minimum 2 veker etter at den siste naboen vart varsla om tiltaket. Dersom nabovarselet vert send på e-post må mottakar stadfeste på e-post (ikkje automatisk svar) at varselet er motteke og e-postane må leggjast ved søknaden til kommunen.

Skjemaet Opplysningar gjeve i nabovarsel og Kvittering for nabovarsel skal følgje søknaden til kommunen.

NB! Nabovarslingslista som følgjer situasjonskartet er kun rettleiande og søker har sjølv ansvar for at alle aktuelle naboar og tverrbuarar er varsla. I enkelte tilfelle kan det vere trong om utvida varsling dersom tiltaket vil røre ved fleire enn de næraste naboane/tverrbuarane.

**Tilleggsinformasjon.**

Til orientering kan kommunen be om tilleggsopplysningar der dette er nødvendig.

Dersom søknaden ikkje er fullstendig kan kommunen be om tilleggsdokumentasjon eller avvise søknaden.

**Byggereglane, søknadsskjema og andre skjema finn du på nettsidene til Direktoratet for byggkvalitet (DiBK): [www.dibk.no](http://www.dibk.no)**